



HAREID KOMMUNE

Møteprotokoll

Utval: Næring- og miljøutvalet
Møtestad: Hareid rådhus
Dato: 05.06.2019
Tid: Kl. 15:00

Medlemmar som møtte

Hege Holstad
Kjetil Nasset
Ingebjørn Grimstad
Gunnar Riise
Turid Lise Ambjørnsen
Marit Øien Sæverud

Representerer

AP
FOHA
FRP
H
H
KrF

Funksjon

medlem
leiar
nestleiar
medlem
medlem
medlem

Forfall

Bernt Brandal

Representerer

FOHA

Varamedlem

Ivar Karl Liaset

Representerer

FOHA

Møtenotater:

Frå administrasjonen møtte:

Anne Karete Mork utvalsekretær
Kai Rune Bjørke kommunalsef samfunnsutvikling
Silja Øvrelid leiar plan og utvikling
Anne Kathrine Løberg leiar landbrukskontoret

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
19/19	Godkjenning av innkalling og sakliste	19/1381
20/19	Godkjenning av protokoll	19/1381
31/19	Innbyggjar- og lokaldemokratiundersøking 2019	19/1461
22/19	1. tertialrapport 2019	19/1186
29/19	Høyring - adresseforskrift	19/1039
30/19	Høyring gebyrforskrift for plan- og bygningslova og lov om eierseksjoner	19/1068
21/19	Årsmelding Hareid kommune 2018	19/985
23/19	GPS merking av hjort på Sunnmøre og Sunnfjord – «Vesthjort».	19/1297
24/19	Bestandsplan for SKAU hjortevald for 2019 - 2021	19/1298
25/19	Utviding og fullføring av massedeponi - gnr 51 bnr 6	19/1301
26/19	Massedeponi og planering på dyrka mark – GNR 52 BNR 2	19/1296
27/19	Deling av eigedom - Håkon Røyset - gnr 66 bnr 1	19/1300
28/19	Delinga av eigdom - Torbjørn Mork - gnr 66 bnr 1	19/1120

Hareid 06.06.2019

Kjetil Nesset
Leiar

19/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga vart godkjend utan merknad.

Sakliste vart godkjend med merknadar som skissert over.

Behandling:

NMU handsama saker i denne rekkefylgja:

PS 19/19, PS 20/19, PS 31/19, PS 22/19, PS 29/19, PS 30/19, PS 21/19 og PS 23/19 - PS 28/19

Røysting:

Samrøystes

20/19 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Vart godkjende utan merknad.

Behandling:

Røysting:

Samrøystes

31/19 Innbyggjar- og lokaldemokratiundersøking 2019

Vedtak:

Teke til vitande

Behandling:

Orientering ved informasjonskonsulent Erlend Friestad

Røysting:

Samrøystes

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret tek resultatet av innbyggjar- og lokaldemokratiundersøkingane til vitande.

22/19 1. tertialrapport 2019

Vedtak:

Teke til vitande

Behandling:

Orientering ved rådmann Ragnhild Velsvik Berge og økonomileiar Egil Mortensen.

Røysting:

Samrøystes

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret tek saka til vitande

29/19 Høyring - adresseforskrift**Vedtak:**

Teke til vitande.

Behandling:**Røysting:**

Samrøystes

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret legg «Forskrift for namnsetting, adressering og adresseforvaltning i Hareid kommune» (adresseforskrift) på høyring. Høyringsfristen skal vere 3 månadar. Forskrifta må endeleg godkjennast av kommunestyret etter høyringsperioden.

30/19 Høyring gebyrforskrift for plan- og bygningslova og lov om eierseksjoner**Vedtak:**

Teke til vitande.

Behandling:**Røysting:**

Samrøystes

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret legg «Forskrift om gebyrregulativ for sakshandsaming etter Plan- og bygningslova og Lov om eierseksjoner – Hareid kommune» på høyring. Høyringsfristen skal vere 3 månadar. Forskrifta må endeleg godkjennast av

kommunestyret.

21/19 Årsmelding Hareid kommune 2018

Vedtak:

Teke til vitande.

Behandling:

Røysting:

Samrøystes

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret tek årsmeldinga 2018 for Hareid kommune til vitande.

23/19 GPS merking av hjort på Sunnmøre og Sunnfjord – «Vesthjort».

Vedtak:

Under føresetnad av at prosjektet vert fullfinansiert og gjennomført i samsvar med prosjektplanen, løyver Næring- og miljøutvalet kr. 104.000,- over ein 5-års periode til hjortemerkeprosjektet «Vesthjort». Løyvinga vert dekt av kommunalt viltfond.

Grunngjeving:

Resultata frå prosjektet vil vere med å og auke kunnskapsgrunnlaget om hjorten sin arealbruk gjennom året i kommunen.

Behandling:

Leiar for landbrukskontoret Anne Kathrine Løberg orienterte og svara på spørsmål.

Røysting:

Samrøystes

Rådmannen si tilråding:

Under føresetnad av at prosjektet vert fullfinansiert og gjennomført i samsvar med prosjektplanen, løyver Næring- og miljøutvalet kr. 104.000,- over ein 5-års periode til hjortemerkeprosjektet «Vesthjort». Løyvinga vert dekt av kommunalt viltfond.

Grunngjeving:

Resultata frå prosjektet vil vere med å og auke kunnskapsgrunnlaget om hjorten sin arealbruk gjennom året i kommunen.

24/19 Bestandsplan for SKAU hjortevald for 2019 - 2021

Vedtak:

Næring- og miljøutvalet godkjenner del av bestandsplan for SKAU hjortevald for perioden 2019-2021. Punkt 7a: hovudmål vert godkjent. Punkt 8b: avskytingsplan for 2019-21 vert godkjent med prosentvis fordeling på kjønn og alder.

Utvalet godkjenner ikkje avskytingsplanen på 23 dyr per år, men aukar uttaket av tal dyr i planen til 25 dyr per år.

SKAU hjortevald får tildelt eit samla løyve på 75 frie dyr for perioden 2019 – 2021. Fordeling på kjønn og alder skal vere slik det går fram av planen.

Grunngjeving:

Del av bestandsplanen for SKAU hjortevald for 2019-2021 fyller dei formelle krava stilt i §15 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt. Målsetjingane er i samsvar med kommunen sine målsetjingar. Det er og teke omsyn til oppmodinga frå Møre og Romsdal bondelag om å ha høg avskyting av hjort for å avhjelpe beiteskade på godt drivi jordbruksareal. Det er grunnen til at planen for årleg avskyting er justert opp slik at den samsvarer med tildeling etter minstearealet.

Behandling:

Leiar for landbrukskontoret Anne Kathrine Løberg orienterte og svara på spørsmål.

Røysting:

Samrøystes

Rådmannen si tilråding:

Næring- og miljøutvalet godkjenner del av bestandsplan for SKAU hjortevald for perioden 2019-2021. Punkt 7a: hovudmål vert godkjent. Punkt 8b: avskytingsplan for 2019-21 vert godkjent med prosentvis fordeling på kjønn og alder.

Utvalet godkjenner ikkje avskytingsplanen på 23 dyr per år, men aukar uttaket av tal dyr i planen til 25 dyr per år.

SKAU hjortevald får tildelt eit samla løyve på 75 frie dyr for perioden 2019 – 2021. Fordeling på kjønn og alder skal vere slik det går fram av planen.

Grunngjeving:

Del av bestandsplanen for SKAU hjortevald for 2019-2021 fyller dei formelle krava stilt i §15 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt. Målsetjingane er i samsvar med kommunen sine målsetjingar. Det er og teke omsyn til oppmodinga frå Møre og Romsdal bondelag om å ha høg avskyting av hjort for å avhjelpe beiteskade på godt drivi jordbruksareal. Det er grunnen til at planen for årleg avskyting er justert opp slik at den samsvarer med tildeling etter minstearealet.

25/19 Utviding og fullføring av massedeponi - gnr 51 bnr 6

Vedtak:

Med heimel i Jordlova §9 avslår Næring- og miljøutvalet løyve til omdisponering av

inntil 3 dekar innmarksbeite på 51/5 for utviding av massedeponiet.

Grunngjeving:

Avslaget er grunngjeve med omsynet til kulturlandskapet.

Behandling:

Røysting:

Samrøystes

Rådmannen si tilråding:

Med heimel i Jordlova §9 avslår Næring- og miljøutvalet løyve til omdisponering av inntil 3 dekar innmarksbeite på 51/5 for utviding av massedeponiet.

Grunngjeving:

Avslaget er grunngjeve med omsynet til kulturlandskapet.

26/19 Massedeponi og planering på dyrka mark – GNR 52 BNR 2

Vedtak:

Næring- og miljøutvalet gir med heimel i Jordlova §9 løyve til omdisponering av inntil 25 dekar dyrka mark på 52/2 for ein periode på inntil 5 år.

Vilkår: Arealet skal ha kvalitet som fulldyrka jord (pløyedybde min 30 cm), vere drenert og tilsådd med grasarter for førproduksjon. Tiltaket skal vere ferdig i løpet av 2024.

Grunngjeving:

Tiltaket vil auke kvaliteten på arealet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes

Rådmannen si tilråding:

Næring- og miljøutvalet gir med heimel i Jordlova §9 løyve til omdisponering av inntil 25 dekar dyrka mark på 52/2 for ein periode på inntil 5 år.

Vilkår: Arealet skal ha kvalitet som fulldyrka jord (pløyedybde min 30 cm), vere drenert og tilsådd med grasarter for førproduksjon. Tiltaket skal vere ferdig i løpet av 2024.

Grunngjeving:

Tiltaket vil auke kvaliteten på arealet

27/19 Deling av eigedom - Håkon Røyset - gnr 66 bnr 1

Vedtak:

Næring og miljøutvalet sender saka attende til administrasjonen, og ber om at den vert vidare utgreia.

Behandling:

Fellesforslag:

Næring og miljøutvalet sender saka attende til administrasjonen, og ber om at den vert vidare utgreia.

NMU gjer merksam på at det står feil gbnr i overskrifta. Rett gbnr er 51/2, og det er innmarksbeite.

Leiar for landbrukskontoret Anne Kathrine Løberg orienterte og svara på spørsmål.

Røysting:

Samrøystes

Rådmannen si tilråding:

Med heimel i Jordlova § 9 avslår Næring- og miljøutvalet søknaden om omdisponering av inntil 1 dekar fulldyrka jord til bustadføremål.

Grunngjeving:

I denne saka ligg det ikkje føre serlege høve for å gi løyve til omdisponering.

28/19 Delinga av eigdom - Torbjørn Mork - gnr 66 bnr 1**Vedtak:**

Med heimel i Jordlova § 9 og 12 gir Næring- og miljøutvalet løyve til omdisponering og frådeling av inntil 1 dekar fulldyrka jord som omsøkt.

Grunngjeving:

Utvalet legg vekt på å sikre busetjinga i området.

Behandling:

Fellesforslag:

Med heimel i Jordlova § 9 og 12 gir Næring- og miljøutvalet løyve til omdisponering og frådeling av inntil 1 dekar fulldyrka jord som omsøkt.

Grunngjeving:

Utvalet legg vekt på å sikre busetjinga i området.

Leiar for landbrukskontoret Anne Kathine Løberg orienterte og svara på spørsmål.

Røysting:

Samrøystes

Rådmannen si tilråding:

Med heimel i Jordlova § 9 avslår Næring- og miljøutvalet søknaden om omdisponering av inntil 1 dekar fulldyrka jord til bustadføremål.

Grunngjeving:

I denne saka ligg det ikkje føre serlege høve for å gi løyve til omdisponering.